

Innspel budsjett 2026 – FAU Hareid skule

Bevar skulestrukturen – for elevane sitt beste

I den siste tida har det kome fleire innlegg om forslaget frå Hareid kommune om å legge ned enten Hjørungavåg skule eller Bigset skule, og sende elevane til Hareid skule. Det er lett å forstå uroa som kjem til uttrykk – og FAU ved Hareid skule deler denne uroa fullt ut, då forslaget råkar alle barneskulane i kommunen.

Vi må starte med å seie at vi deler undringa over korleis ein har kome fram til tala som er framlagt og om prosessen i denne saka. Dette er utfyllande dekt i andre høyringssvar/innlegg, så vi går ikkje nærare inn på desse problemstillingane.

Viktigast av alt, så ynskjer vi å vere tydelege på at vi står skulder ved skulder med foreldre, tilsette og lokalsamfunn både på Bigset og Hjørungavåg. Dette er ikkje ei sak som handlar om “der” og “her” – dette handlar om born i heile kommunen og om ein skulestruktur som tener alle.

Hareid skule har ikkje kapasitet

Vi er glade for kvar og ein av elevane våre, men vi må også vere ærlege.

Å overføre hundre elevar til ein skule som allereie har avgrensa kapasitet, er ikkje ei realistisk løysing – og truleg heller ikkje ei forsvarleg ei.

Dette handlar ikkje om haldning, men om heilt konkrete rammer for god pedagogikk og ein trygg skulekvardag.

Hareid skule har ei avgrensa bygningsmasse med tanke på elevtalet. Ein kan derfor sjå føre seg at det er tenkt ei brakkeløysing for å få plass til alle elevane. Dette står i fare for å verte meir enn ei midlertidig løysing når kommunen står i den økonomiske situasjonen som den gjer og dessverre vil stå i mange år framover. Er det i kostnadsbildet teke høgde for at ein då vil kjøpe/leige brakker og i tillegg framleis ha utgifter på det skulebygget som blir ståande tomt, som truleg er utfordrande å selje? Sjølv om Hareid skule har planar om å gjere utbetringar på uteområdet, tener det per i dag ikkje eingong dagens elevmasse, langt mindre hundre ekstra elevar.

Når kommunen vurderer kostnad, bør det også reknast på kostnaden av tapt trivsel, større grupper, meir uro og større behov for spesialundervisning som ofte følger med nedlegging av nærskular. At bygg og uteområde må utvidast/ombyggast for millionbeløp for å vere tenlege, må også takast med i reknestykket.

Dette handlar ikkje berre om økonomi – men om kva kommune vi vil vere

Hareid er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, det erkjenner vi alle. Men ein kommune på ROBEK kan ikkje løyse økonomiske utfordringar ved å skape nye – spesielt ikkje på kostnad av dei yngste innbyggjarane.

Nedleggingar kan sjå ut som ei innsparingsløysing på papiret.

Hareid kommune har i fleire år jobba målretta for auka bulyst for å trekke til seg bedrifter og arbeidarar som vil bu her, og generelt auke tilflyttinga. Det vert reklamert med at vi skal ha byggeklare tomter i alle krinsar, slik at vi sjølve kan velje om vi ynskjer å bu sentrumsnært eller i ein av krinsane. Ved å legge ned ein av skulane i krinsane, risikerer kommunen at det

ikkje vert attraktivt verken å busette seg i krinsen som står utan skule og eller i sentrum med ein overfylt skule med brakkeløysing og eit lite tenleg uteområde. Å kunne tilby gode tenester i kommunen er viktig for å sikre den gode utviklinga som kommunen vår har vore i dei siste åra.

Dette er ikkje ei berekraftig løysing dersom vi ser føre oss å snu den negative økonomiske situasjonen.

Vi ber kommunen stoppe dette sporet – og heller invitere til reell dialog

Løysinga på kommunen sin økonomi finst ikkje i å svekke skuletilbodet til borna våre.

Den finst i gode prosessar, kloke prioriteringar og ei framtidsretta skulesatsing som tek heile kommunen på alvor.

FAU Hareid skule